



DEN NORSKE KYRKJA

Lindås kyrkjelege fellesråd

Lindås kommune

v/ økonomisjef Janne Sund

Knarvik, 28.des 2017

Lindås kyrkjelege fellesråd – søknad om overføring av e.o. vedlikehaldsmidlar til 2018

Eg viser til tidlegare munnleg kontakt om denne saka.

Lindås kyrkjelege fellesråd (Lkf) har i to omganger fått andel av ekstraordinære vedlikehaldsmidlar i samband med kyrkjebygga i Lindås. Ved det første høvet var det aktuelle beløpet svært godt tilpassa det anbodet Lkf hadde innhenta til det aktuelle prosjektet. Ved det andre; Alversund kyrkje – utskifting / rehabilitering av blyglas-vindauge, var løyvinga frå kommunestyret (NOK 370.000) vesentleg lågare enn anbodet for prosjektet.

Kvaliteten på og status for dei aktuelle blyglasvindauga var slik at det etter kontakt med entreprenøren vart semje om å redusere og omarbeide prosjektet slik at dei dårlegaste vindauga vart prioriterte, og dei øvrige vart utsette.

Avgjerd om ny konstruksjon og underleverandør, samt innhenting av pristilbod for vindauga vart av ulike grunnar ikkje teken før i oktober. Grunna produksjonstid for vindauga og adventsfeiringa i kyrkja vart det klårt at arbeida ikkje kunne gjennomførast i 2017.

Reglane for tildeling av desse midlane seier at midlane må nyttast til prosjekt som vert sett i gang i 2017; dvs at kontrakt med entreprenør må vere inngått. Eg har vore i kontakt med Håvard Rød ved Fylkesmannen om presisering av omgrepene kontrakt. Han stadfesta at det ikkje er naudsynt med kontrakt jfr NS 8407, men kopi av tilbod og aksept.

Side 1

Eg legg derfor ved kopi av dokumenta i saka slik dei ligg føre, og ber om at Lindås kommune overførar dei løyvde midlane slik at dei kan nyttast i 2018. Det kan sjå ut for at kyrkja vert «tett» i løpet av 4 – 5 veker i det nye året, men for ikkje å presse kostnadane for mykje blir blyglas-felta rehabiliterte og monterte innanfor ei noko romslegare tidsramme.

For Lindås kyrkjelege fellesråd



Torgeir Paulsen
Kyrkjeverje i Lindås

Vedlegg:

- Tilbodsbrev
- Aksept av tilbod